




# Sund Sokneblad

Nr. 1  
8. mars 2023  
Årg. 92

## Den nye soknepresten



Den nye soknepresten i Sund sokn, Lars Arne Vik frå gamle Øygarden, vart innsett i stillinga under ei gudsteneste i Kausland kyrkje 5. februar.

side 6-7



## Bli fast gjevar!!!

Barnekora er eit av områda innan barne- og ungdomsarbeidet som ein ynskjer å styrkja i Sund sokn. Andre område er Babysong, Myldredagar og Betweenklubb. Difor blir det no sett i gong ein aksjon for å få nye faste gjevarar.

side 3-5

## Pilegrimsvandring



Etter at Egil Reindal avslutta vikariatet sitt som prest i Sund sokn, reiste han på ei pilegrimsvandring i Spania i 4 veker og la bak seg 400 km. Lysande gule piler viste veg.

side 12-13

## Pastoralt perspektiv

### Å skunda seg langsamt

Innimellom må ein gå to skritt attende for å koma mange skritt vidare. Innimellom må ein gå på.

Det skal visdom til å forstå kva som er mest sakssavarande akkurat her og no.

Slike tankar går mellom anna gjennom hovudet og kroppen til den nye soknepresten i Sund. Når ein er ny på ein arbeidsplass, vert alt sett med nye auge, noko som til tider kan vera eit godt perspektiv. Men innimellom, i møte med menneske som vil endra alt til det dei seier er det betre, kan det vera freistande å parera med at det har då fungert på den måten me har gjort det på òg. Det har vore uver her og, og båten forliste ikkje!

Ikkje alle har eit søskenbarn på Gjøvik. Det er ikkje alltid oppløftande å høyra om kva dei får til i Telemark eller om auksjonane i Austevoll.

Som ny prest ynskjer eg å forstå korleis Den norske kyrkja i Sund har fungert, kor styrken i fellesskapa ligg, kva me kan byggja vidare på – og kva som kan vera utfordrande og som treng omtanke og omsut. Mykje visdom er løynd i sitatet til filosofen Kierkegaard om all sann hjelpekunst, å finna den andre der den andre er, og starta der, og ikkje starta der du trur den andre er, for den andre er ikkje der.

Saman med tilsette og råd i Sund sokn og Øygarden kyrkjelege fellesråd vil eg gjera mitt for å vera ein god sokneprest i vårt område av Den norske kyrkja.

Ein dag går me to skritt attende. Ein annan dag går me ti skritt fram.

Lars Arne Vik

## Gudstenester

Resten av gudstenestelista

### 28. mai - Pinsedag - Joh 20,19-23

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Pinsegudsteneste v/Lars Arne Vik. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Misjonsalliansen

### 29. mai - 2. pinsedag - Joh 16,5-11

SUND kyrkje kl. 11.00 Pinsegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Misjonsalliansen

### 04. juni - Treeiningssøndag - Matt 28,16-20

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Lars Arne Vik. Dåp og Nattverd.

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er høve til å ha dåp
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt eller på nettsida

## Velkomen til gudsteneste

### 12. mars - 3. søndag i fastetida - Luk 11,14-28

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Lars Arne Vik. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Eige arbeid

### 19. mars - 4. søndag i fastetida - Joh 11,45-53

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Lars Arne Vik. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Norsk Gideon

### 26. mars - Maria Bodskapsdag - Luk 1,26-38

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Knut Kaldestad. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Bildøy Bibelskule. *Stjernekorset/Betweenskoret deltek. Soknemøte etter gudstenesta.*

### 02. april - Palmesøndag - Joh 12,12-24

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Lars Arne Vik. Nattverd. Takkoffer: Eige arbeid. *Påskevandring?*

### 06. april - Skjærtorsdag - Matt 26,17-30

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Lars Arne Vik. Nattverd. Takkoffer: Eige arbeid

### 07. april - Langfredag - Matt 26,30-27,50

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Langfredagsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: Eige arbeid

### 09. april - Påskedag - Luk 24,1-9

SUND kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Sjømannskirken

### 10. april - 2. påskedag - Luk 24,13-35

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste v/Lars Arne Vik. Nattverd. Takkoffer: Eige arbeid

### 16. april - 2. søndag i påsketida - Joh 21,1-14

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Lars Arne Vik. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Eige arbeid

### 23. april - 3. søndag i påsketida - Joh 10,11-18

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Lars Arne Vik. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Eige arbeid

### 30. april - 4. søndag i påsketida - Joh 16,16-22

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Blå kors

### 07. mai - 5. søndag i påsketida - Joh 15,1-8

SUND kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Lars Arne Vik. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

SUND kyrkje kl. 13.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Lars Arne Vik. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 13. mai - Laurdag etter 5. søndag i påsketida - Joh 15,1-8

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Lars Arne Vik. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

KAUSLAND kyrkje kl. 13.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Lars Arne Vik. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 14. mai - 6. søndag i påsketida - Luk 18,1-8

KAUSLAND kyrkje kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Lars Arne Vik. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 17. mai - Grunnlovsdag - Luk 1,50-53

KAUSLAND kyrkje kl. 10.00 Gudsteneste v/Lars Arne Vik. Takkoffer: Kia Norge

SUND kyrkje kl. 11.30 Gudsteneste v/Lars Arne Vik. Takkoffer: Kia Norge

### 21. mai - Søndag før pinse - Joh 15,26-27

SUND kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Eige arbeid

# Vil du bli fast gjevar i Sund sokn?



ARBEIDET BLANT BARN OG UNGE I SUND SKAL STYRKJAST

## No startar gjevarkampanjen vår

«Saman om det viktige arbeidet vårt blant barn og unge»

### Viktig arbeid

Kyrkja i Øygarden ønskjer å vere ein viktig arena for barn og unge i nærområdet vårt.

Kyrkja får tilskot frå kommunen til kyrkjelege tenester og frå bispedømerådet til trusopplæring.

Andre aktivitetar vert støtta av midlar kyrkja får inn frå gjevarar. Vi ønskjer å styrkje og sikre det gode arbeidet vi har for barn og unge, og difor har vi starta ein kampanje for å få fleire faste gjevarar i soknet.

### Skattefrådrag

Gåver til Den norske kyrkja gjev rett til frådrag i inntekta før skatt. Ein føresetnad for at soknet skal innrapportere til likningskontoret, er at fødselsnummeret er oppgitt.

### Vil du vere med?

Du bestemmer sjølv måten du vil gje på, vi vil oppfordre til å bruke autogiro. På heimesida til soknet finn du lenkje til skjema for å opprette autogiroavtale for gjevar-teneste. Dette er ein enkel og trygg måte å gje pengar på, både for deg og for oss. Det ligg også papirskjema for autogiroavtale i kyrkjene.

Vi håpar du ser verdien av det arbeidet soknet gjer for barn og unge, og kan tenkje deg å støtte opp om dette!

# Barne- og tweensarbeidet vårt

Kyrkja i Øygarden ønskjer å vera ein viktig bidragsytar i arbeidet for å skape eit godt oppvekstmiljø for våre barn og unge. Det finst ulike tilbod i kyrkjene våre, og dette kan du lese om her.

Arbeidet spenner frå babysong til betweensklubb, og ein kan finne noko for mange aldersgrupper.

Det blir drive i samarbeid mellom kyrkjeleg tilsette og frivillige.

For kyrkja er det viktig at vi har trygge møteplassar der ein blir sett, opplever meistring og byggjer gode relasjonar i eit godt fellesskap saman med andre born og vaksne.

## Babysong



I kyrkjene i Sund er det no starta opp med Babysong. Tilbodet er annankvar veke og vil veksla mellom Klokkarvik og Kausland.

Gjennom rytme, song og musikk vert heile mennesket engasjert, uavhengig av alder. Ein treff andre foreldre/føresette i same situasjon, og ein får knytte nye kontaktar. Song og musikk skapar også gode augneblink saman med barnet.

På samlingane får du tips om korleis du kan bruke song og musikk i kvardagen med barna dine, og du vil få råd om korleis du kan gje barnet trusopp-læring gjennom song og musikk.

## Stjernekoeret og Betweenskoeret



For barn og unge som likar å synge har vi eit tilbod i Sund kyrkje. Stjernekoeret og Betweenskoeret øver der annankvar tysdag. Fleire gonger opptre dei på gudstenester i kyrkjene og i andre samanhengar, anten samla eller kvar for seg.

### Stjernekoeret

er for dei som er i aldersgruppa 4-9 år. Dei øver klokka 17.30 - 18.30

### Betweenskoeret

er for dei som går i 4. klasse og oppover.

Dei øver klokka 18.30 - 19.30.

## Betweensklubb

Betweensklubben er for dei som går i 4. klasse og oppover. Dei samlast ein gong i månaden i Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje i tida 17.30 - 19.30.

I Betweensklubben har dei leikar og ulike aktivitetar, dei lærer frå Bibelen, og dei ét kvelds saman.

Her kan dei som er i rett aldersgruppe kome, og dei må gjerne ta med seg ein ven.

## Myldredag

Myldredagar er det både i Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje og i Kyrkjelydshuset på Kausland. Tilbodet vekslar mellom dei to stadane, ein gong på kvar stad i månaden.

Tilbodet er for heile familien. Også besteforeldre er velkomne. Det føregår klokka 17.00 - 19.00.

Det er mykje som skjer på desse kveldane: Middag, bibelforteljingar og aktivitetar, og sjølvsagt godt fellesskap.



## Boost

Ungdomsklubben Boost har halde på i nokre år. Akkurat no er han sett på pause fram til hausten i første omgang. Det er førebels uklart om Boost startar opp igjen, eller om det til hausten blir eit alternativ til denne klubben.

Ei av dei som nok er lei seg for at Boost har teke pause, er Jennie Zhi Dalseide, som har vore med sidan 10. klasse. - Det er sosialt, fortel ho - Eg får møte andre ungdommar som eg ikkje hadde fått møte elles. Det har vore ein koseleg og fin atmosfære, og vi har vore på mange fine turar.

Så får vi sjå kva som skjer til hausten.



**Bente Aase**  
Soknerådsleiar i Sund

Bli gjevar her



kyrkja.no/sund

## SUND KYRKJE

Kyrkjene i Øygarden er samla om å prioritere barne- og ungdomsarbeid. Det er viktig at vi har eit tilbod til ungdommane våre. I Sund sokn har vi i dag aktivitetar som Stjernekor, Betweenekor, Betweeneklubb og Myldredag. Desse aktivitetane famnar både barn, unge og litt eldre unge. Vi vil gjerne halde fram med desse aktivitetane og gjerne også utvide tilbodet. No er vi også i gang med Babysong.

Som vi alle er kjent med, so trengst det pengar til å drive dei ulike aktivitetane. Kjent er vi vel også med at økonomien blir trengre. Våren 2023 er derfor «prosjekt gjevarteneste» i gong i alle sokna i Øygarden. Kwart sokn har ansvar for, og driv sine egne aktivitetar. Vi i Sund sokn vil derfor invitere til ein dugnad for VÅRT barne- og ungdomsarbeid. Om du melder deg som gjevar, er du med og støttar opp om dette arbeidet i soknet. Kyrkja er avhengig av både frivillige medarbeidarar og faste gjevarar. I Soknebladet finn du alle aktivitetane som finst akkurat no i kyrkjene våre. Eg oppfordrar deg til å lese Soknebladet. Her finn du mykje informasjon om det som skjer i soknet.

Har du ein hundrelapp eller to som du kan og vil gje til barne- og ungdomsarbeidet i Sund sokn, ja, so kan du skanne QR-koden som du ser her. Du vert då losa gjennom. Og er du som meg, ikkje heilt kjent med QR-kode m.v., ja, so kan du gå inn på nettet på Kyrkja.no/Sund og finne gjevartenesta her. Du kan også få manuelt skjema til å fylle ut ved å vende deg til administrasjonen i kyrkja.

## Konfirmasjonar i Sund kyrkje

### Søndag 7. mai kl. 11.00

Lukas Eikeseth  
Sofie Rabben Steinsland  
Linnea Haukås Hamre  
Tonje Johannesen  
Cerine Kausland Flatabø  
Olav Drange Revheim  
Tyr Ellertsen  
Tore Nesse Forland  
Sindre Forland Kleppe  
Betina Eide  
Ingeborg Børnes Davøy  
Celine Soltvedt  
Ina Emilie Dyngeland Eide  
Laura Johanne Sangolt  
Sander Tofterå Glesnes

### Søndag 7. mai kl. 13.00

Zander Steen  
Angelica Berge-Finnesand  
Ludvik Stikholmen  
Lana Crystabelle Armstrong  
Malin-Marie Singdahlsen  
Ayleen Vestgård  
Tuva Emilie Steen-Sangolt  
Aron Arnt Vatne  
Solveig Ulvøen  
Ariana Jakobsen-Røsnes  
Ida Sæle  
Ulrik Hammersland Kleppevik  
Markus Hustvedt Apeland  
Rene Aleksander Vågenes

## Konfirmasjonar i Kausland kyrkje

### Laurdag 13. mai kl. 11.00

Fillip August Breivik Kvilhaug  
Cerine Kausland Flatabø  
Benjamin Eriksen  
Julie Kalvik Harkestad  
Aksel Kalgraff Håkonsund  
Chrisander Emil Johnsen Glesnes  
Andreas Haugsdal  
William Nekkøy  
Helene Glesnes  
Aurora Sylte Glesnes  
Elias Vorland

### Laurdag 13. mai kl. 13.00

Tobias Sande  
Teo August Gjertsen Steinsland  
Adrian Ellingsen  
Michelle Aspevik Heggøy  
Kamilla Jeanette Holvik Refvik  
Emma Hermine Vetås Steinsland  
Emma Bertine Buttedal  
Teodor Berentsen Pedersen  
Johanne Vorland Skoge  
Eirik Lind Eide  
Emma Mæland

### Søndag 14. mai kl. 11.00

Gaute Søvik Glesnes  
Julianne Trellevik  
Anabelle Steinsland Whitfield  
Sondre Kårtveit Kalve  
Maja Erichsen Solheim  
Annabel Freya Brown  
Kristen Eriksen Kallestad

## Eit konfirmantarbeid



## SOKNEMØTE

Vel møtt til soknemøte for Sund sokn 26. mars 2023 i Sund kyrkje etter gudstenesta.

Sakene som skal handsamast er

- Presentasjon av årsmelding og årsrekneskap
- Forslag til reduksjon av talet på medlemmer i Sund sokneråd

Saksframstillingar og årsmelding er tilgjengeleg på Sund sokn si nettside [www.kyrkja.no/sund](http://www.kyrkja.no/sund) og i kyrkjene frå 12. mars 2023.

## Den nye soknepresten på plass i Sund sokn



Lars Arne Vik vart innsett som ny sokneprest i Sund sokn søndag 5. februar i ei gudsteneste i Kausland kyrkje. Her knelar han ved altarringen medan fungerande prost Bjarne Nese ber for han.



Musikkinnslag ved Solveig Karoline Flekstad Vik, dottera til presten, ved flygelet og kjærasten hennar, Andreas Block Laberg på fiolin.

Den nye soknepresten begynte arbeidet sitt i Sund sokn 1. februar, og i gudstenesta i Kausland kyrkje 5. februar vart Lars Arne Vik formelt innsett i stillinga.

Soknerådsleiar Bente Aase las opp tilsetjingsbrevet frå biskopen, som han deretter fekk overrekket, og den konstituerte prosten Bjarte Nese føretok handlinga med å be for den nye soknepresten.

Dermed var han gjort klar til å leia gudstenesta vidare. Så han bytte plass med Bjarte Nese og overtok den vidare gjennomføringa av gudstenesta.

Å stå inne i alterringen var heller inga nye oppgåve for Lars Arne Vik. I 13 år har han vore sokneprest i Årdal og Øystese før han no har overteke som sokneprest i Sund sokn. I Årdal og Øystese redigerte han òg kyrkjebladet der som ein del av stillinga si. Det tykte han var ei grei oppgåve. Han hadde jo bak seg ein periode der han redigerte kyrkjebladet i gamle Øygarden.

Som prest har han òg tenestegjort ulike stader. I åra 1997 til 2003 var han kyrkjelydsprest i gamle Øygarden. Han tenestegjorde elles på Håkonsvern i 2 1/2 år før han blei vikarprest i prostiet i 3 år i 2006-2009.

Så han har lang tid bak seg som prest, men han har også vore innom Bibelskulen på Bildøy og Sambandet forlag. Utdanninga si fekk han på NLA og Fjellhaug, men eksamen tok han på Menighetsfakultetet.

Heile familien var til stades i Kausland kyrkje då han blei innsett. Dottera Solveig framførte jamvel ein melodi saman med Andreas Block Laberg på fiolin. Solveig, som studerer kyrkjemusikk i Trondheim, akkompangerte på flygelet.

På kyrkjekaffien i kyrkjelydshuset etter gudstenesta var det mange som møtte fram, ja kanskje har det aldri vore så mange på ein kyrkjekaffi her tidlegare. Soknerådsleiar Bente Aase overrekte ein fin blomsteroppsats til Lars Arne Vik og nytta høvet til å ønskje han velkomen som sokneprest i soknet. Ho var glad for at dei lukkast etter tre utlysingar «og så har vi fått den beste», meinte ho.

Lars Arne Vik vart også ønskt velkomen med den marsipankaka som alle fekk eit stykke av under kyrkjekaffien: «Velkommen Lars Arne!» stod det på den.

Det var fleire som kom med helsingar under kyrkjekaffien. Ein av dei var Svein Morland som var sokneprest i gamle

Øygarden då Lars Arne Vik var kyrkjelydsprest der. - Men eg greidde ikkje å ta knekken på han, sa Morland.

Så får vi venta og sjå kva som skjer i Sund sokn når Lars Arne Vik har blitt sokneprest her. For han påstår i alle fall at han likar å finne på ting. Han meiner han er flink til å engasjere og involvere folk, og han reknar med at lag og organisasjonar sikkert vil vere med.

Og så spelar han piano, noko han lærte som barn. Alle dei fire barna hans kan òg spela eit instrument.

Og ein ting har han sagt fleire gonger: Eg gler meg til å vere sokneprest her!

*Olai Otterå*



*På kyrkjekaffien etter gudstenesta var det marsipankake der Lars Arne Vik vart ynkst velkomen.*



*Soknerådsleiar Bente Aase overrekte blommar frå Soknerådet og ynskste Lars Arne Vik velkomen som ny sokneprest.*

# Prost Greve-kveld

Sverre Bungum kom sist haust ut med ei bok der han skreiv om prost Johan Fritzner Greve og tida han levde i. Denne Greve var prest i Sund frå 1835. Han vart seinare prost, men budde i Sund. Utanfor Sund kyrkje er det reist ei minnestøtte over han.

Torsdag 12. januar vart det skipa til ein Greve-kveld i Sund kyrkje. I tillegg til Sverre Bungum sjølv var også Egil Morland der og heldt føredrag, og oldebarnet til Greve var der også. Han vart tidlegare på dagen fotografert ved minnestøtta over oldefaren utanfor Sund kyrkje.

Egil Morland fortalde om situasjonen i opplysningstida, ei tid i åra før prost Greve vart fødd i 1799. Tida var kort, og Greve var fødd så seint at han ikkje opplevde den, men han tok gjerne noko med seg frå tida likevel. Dette var ei tid då dei såkalla «potetprestane» vart

kjende fordi dei ivra for at folk måtte korleis dei dyrka poteter. Potetprestane har truleg redda mange frå død, og gjerne sjukdom òg. Det blir fortalt om prestar som sponsa setjepoteter, og ein prest i Sunnhordland skreiv ei lærebok om dyrking av poteter.

Sverre Bungum fortalde at Greve tok med seg tankane frå 1700-talet om at det var viktig med næring for folk. Folkehelsen var noko han arbeidde for ved sida av prestegjeringa. Ein ting som han vart kjent for var at han vinterbada fordi han ikkje var heilt frisk. Vinterbadinga gjorde at bodskapen hans vart kjent.

På denne kvelden var også oldebarnet til Greve, Finn Wesenberg, til stades. Då Bungum i ung alder var lærar i Årdal, så hadde han Finn Wesenberg som elev. No er også Wesenberg pensjonist.

*Olai Otterå*



*Oldebarnet til prost Greve, Finn Wesenberg, ved minnestøtta som er reist på gravplassen ved Sund kyrkje.*



*Sverre Bungum*



*Egil Morland*





*Eit ssamla kor av Stjernekorset og Betweenkorset song inn jula i Kausland kyrkje.*

## Jula blei sunge inn i Kausland kyrkje

Det vart mange fine og kjendde julesongar å høyra og vera med på då jula vart sunge inn i Kausland kyrkje søndagen før jul. «Det kimer nå til julefest» og «Ei krubbe var vogga» var to av songane som alle fekk vera med på.

Nokre som bidrog sterkt til å synge inn jula var dei to barnekorane i kyrkjelyden, nemleg Stjernekorset og Betweenkorset. Dei var nok ikkje fulltalige, men saman vart dei ein fin gjeng som song songar som «Tenn et lite lys», «Fylt av takknemlighet», «Jeg gikk meg over sjø og land» og «Å jul med din glede».

Seinare song Betweenkorset eit par songar der nokre i koret stod fram som solistar. Solosong vart det òg av dirigenten for barnekorane, Hanne Katrine Boga, som m.a. song «Mariavise».

Innimellom all songen vart det òg tid for juleevangeliet. Det var det Erling Koppe-rud som las opp. Seinare i programmet hadde han også ein andakt der han oppfordra oss til å huske Maria, ho som fødte Jesus.

Det vart også tid til meir allsang denne kvelden. Ein av dei var «Stille natt, heilage natt», og elles Nordnorsk julesalme, som Trygve Hoff skreiv i 1985. Og så kunne vi avslutte kvelden slik det ofte er vanleg å gjere, med «Deilig er jorden».

*Olai Otterå*



*Juletreet tent i Kausland kyrkje.*



*Hanne Katrine Boga.*



*Sund Blandakor hadde to avdelingar på denne konserten.*

## Julekonsert med kor, brass og torader



*Sund Toraderklubb.*



*Sund Brass.*

Vi må heilt tilbake til 5. desember 2022. Då hadde Sund Blandakor fått med seg Sund Toraderklubb og Sund Brass til ein julekonsert i Sund kyrkje. «Me vonar du har fått gode musikalske opplevingar, drøymd deg vekk og lete deg bevega av musikken» skreiv dei på programmet sitt. Eg trur mange av dei frammøtte kunne skriva under på at nett slik opplevde dei det.

Konserten opna med ein bolck med Sund Blandakor. Dei hadde plukka fram mange kjente julesongar i denne bolcken. «Det hev ei rose sprungne», «Stille Natt» og «Kling no klokka» var nokre av dei. Men dei song òg «Winterwonderland» med akkompangement av Irina Tarasova og Hallgeir Fiskaaen.

Sund Toraderklubb hadde òg teke med ein av dei kjende julesongane, nemleg «Nå tennes tusen julelys». Andre melodiar var «Kapteinen», «Ronjas vals» og «Star of the County Down». Kanskje ikkje like godt kjende melodiar for alle tilhøyrarane, men godt framført av toraderklubben.

Også Sund Brass hadde julemelodiar på programmet. «Nordnorsk julesalme» av Trygve Hoff kunne nok mange nynne gjenkjennande til.

Sund Blandakor avslutta så konserten med ein ny bolck. Også dei framførte «Nordnorsk julesalme», men elles salmar som «Det kimer nå til julefest» og Bjørn Eidsvåg sin kjende song «I en natt». Men også «O, helga natt» akkompangert på flygel og «Halelujakoret» akkompangert på orgel var med før heile forsamlinga fekk vera med i avslutningssongen «Deilig er jorden». Ein flott konsert var til ende.

*Olai Otterå*



Konfirmantane stilte seg langs veggen framme i kyrkje. I tur og orden kom dei så fram og presenterte dei ulike kulene i Kristuskransen.

## Musikal om Kristuskransen

Søndag 12. februar var det konfirmantane sin dag i Sund kyrkje. Dei hadde laga til ein musikal om Kristuskransen, ein krans som består av 10 ulike kuler eller perler. Kvar av desse perlene har eit namn (sjå forklaringa under).

Til framsyninga var det laga omlag 60 drakter som alle konfirmantane og medhjelparane hadde på seg. Foreldra hadde vore med å laga desse draktene.

Perlene i Kristuskransen var plasserte på alterringen. Konfirmantane stilte seg langs veggen framme i kyrkje. I tur og orden vart dei ulike perlene presenterte ved at nokre av konfirmantane stilte opp perla ved sida av lesepulten. Til kvar perle vart det lese opp ei skildring av perla, noko konfirmantane hadde skrive som

skulle fortelja kva som var særskilt for denne perla. Om dei to kjærleikspertene fortalte dei m.a.: «To raude perler: ... Den eine skal minna oss om at Gud er glad i oss. Han elsker oss. Den andre blir også kalla Godleikspertla. Den minner oss om at vi kan gje godleik og kjærleik vidare til andre.»


Så vart det sunge ein song til kvar perle. Songane var det ikkje konfirmantane som hadde skrive, men dei skulle høve til perla.

Konfirmantane hadde laga ein fin musikal om Kristuskransen. Då førestillinga var ferdig, var det soknepresten som overtok, m.a. med ei preike der også han konsentrerte seg om Kristuskransen.

*Olai Otterå*



Dei to kjærleikspertene stilt opp medan dei vart presenterte.



### Forklaring til Kristuskransen

1. Gudspertla
2. Stilleperlene
3. Eg-pertla
4. Dåpspertla
5. Ørkenpertla
6. Gledespertla
7. Kjærleikspertlene
8. Hemmelegheitsperlene
9. Nattpertla
10. Oppstodepertla



Ei av dei som hjalp til med å lage dei 60 kappene som konfirmantane hadde på seg. Foto: Katrin Fischer.

# En pilegrims vandring

Overskriften minner sikkert noen om boken til John Bunyan med samme navn fra slutten av 1600-tallet. Det ble en bok som kom til å få stor betydning i Europa og Amerika i flere hundre år. Den var en av de mest leste bøkene etter Bibelen. Den beskriver det kristne livet som en vandring mot det himmelske mål gjennom mange farer og fristelser.

Temaet er kjent fra Bibelen. Israelsfolkets vandring fra slaveriet i Egypt gjennom ørkenen til det lovede land har gitt farge og motiv til andre hendelser i Det gamle testamente, men også i Det nye testamente. I Hebreerbrevet omtales Abraham, Isak og Jakob, jødefolkets patriarker, som mennesker som i tro vandret mot det Gud hadde lovet dem, men de så det bare langt borte og bekjente at de var pilegrimer og mennesker på vandring mot noe bedre, mot det de hadde fått løfte om fra sin Gud.

Pilegrimsmotivet har derfor vært et sterkt motiv i kristen sammenheng opp gjennom tidene. I middelalderen var det å besøke sentrale kristne steder sterkt fremme. De tre plassene som var mest i fokus var Jerusalem, Roma og Santiago (Sankt Jakob) de Compostella i Spania. I en periode på over 800 år hadde pilegrimsvandring til disse og andre steder betydelig fokus, og mange vandret til disse stedene. Mange døde underveis til helligstedene, mange kom aldri tilbake fra helligstedene. Det var en risikabel sak å legge ut på pilegrimsvandring. Det bekrefter ruinene etter hospitalene som finnes langs mange av rutene. Pilegrimsvandring i dag er av en helt annen art.

For ca. 200 år siden begynte interessen for pilegrimsvandring å synke. Veier begynte etter hvert å gro igjen, landsbyer som tidligere hadde sett jevne strømmer av pilegrimer komme ble gradvis økonomisk skadelidende, og forfallet begynte å melde seg. Denne tendensen holdt seg helt fram mot siste del av forrige århundre da pilegrimstradisjonene på ny fikk interesse og flere og flere begynte å søke opp de gamle pilegrimsstiene. I dag er pilegrimsledene igjen trafikkert av mennesker fra mange land og kontinenter. Ikke minst er folk fra Østen stadig å se på veiene mot Santiago de Compostella.

Motivene for å gå kan være svært forskjellige. Noen går rett og slett fordi de liker å gå og oppleve nye steder og mennesker. Andre vil bruke vandringen til å «finne seg sjæl» som en av våre trubadurer sang, andre igjen gjør det som en religiøs øvelse: De ønsker å styrke

sitt Gudsforhold, de vil gjerne komme nærmere Gud. Pilegrimsledene avviser ingen, men en merker fort at de er veier der mange mennesker har gått og bedt bønner. Det er lett å be på pilegrimsledene.

Siden 2015 har jeg vandret fra Le Puy en Velay i Frankrike mot Compostella i Spania, en distanse på ca. 1500 km, ca. 750 i Frankrike og tilsvarende i Spania. Etter å ha kommet til Logroño i Spania i 2018, ble det et opphold på 4 år som for en del skyltes koronaepidemien. Tiden var kommet for å fortsette om jeg skulle ha håp om å nå målet.

I august/september ble 4 uker satt av til pilegrimsvandring.

Det må en del planlegging til før du skal dra. Om du planlegger å bære sekken din selv, som vi gjorde, er det viktig å ikke ta med seg mer en akkurat det en trenger. En veier og vurderer. Det er også litt av morroa. Hvor lite kan en greie seg med?


Etter fly til Madrid og buss nordover til Logroño tok vi inn i den populære katolske pilegrimskirken Santiago el Real. Det ble et gjenmøte med det pulserende internasjonale livet med mennesker som har svært ulike bakgrunner, men som alle har samme mål: De går mot Santiago.

De første dagene la vi opp til beskjedne etapper. Selv om de fleste pilegrimer forsøker å «gå seg opp» før de starter, blir det likevel for de fleste et kvantesprang å begynne å gå. Det er derfor viktig å begynne litt forsiktig og kjenne hvordan kroppen – og ikke minst beina reagerer. De skal du jo bruke hele veien. Det gjelder å prøve og unngå å få sår og blemmer. Det betyr at en stiller godt med føttene fra begynnelsen av og forsøker å forhindre gnagsår og blemmer. Greier man det, er mye vunnet. De fleste får noe av det.

Det var kortbuksevær og gode forhold mange dager i første uken. Det er pilegrimene takknemlige for, men kanskje ikke spanjolene. Det var tørt mange plasser, og selv om solsikkene sto fine enkelte steder, var det mange steder der åkrene med solsikker så ut til å ha bukket under i tørken. Det var trist å se.

Spania, er jo kjent for vinproduksjon, og i begynnelsen gikk vi gjennom Rioja-distriktet, kjent for sin vin. Det var bølgende vinåkrer å se på alle kanter og de blå-røde drueklasene hang tunge på vinstokkene.

Etter en 4-5 dager gikk vi ut av Rioja området og inn i den store provinsen Castilla y Leon. Burgosdistriktet var første del av provinsen og førte oss først opp til 1000 meters høyde og deretter ned mot den lille landsbyen San Juan de Ortega, hvor



*Egil Reindal utenfor katedralen i Burgos.*

vi overnattet. San Juan var en, som etter en nær-døden-episode sverget å vie resten av livet sitt til å hjelpe pilegrimer. En stor, selvsynende pil viste oss veien ut av den lille landsbyen tidlig en søndagsmorgen etter 5 dagers vandring. De gule pilene er tegnene som viser deg veien videre, og du blir etter hvert ganske dreven i å lete etter dem. Finner du dem ikke, er det bare å stoppe opp. Så må du kanskje gå tilbake til dit du siste gang så pilene.

Det å lære seg å følge pilenes anvisning har ofte minnet meg om den rollen Guds ord vil ha for oss. Det vil vise oss veien å gå i livet. Salmisten sier til Gud: «Ditt ord er en lykt for min fot og et lys på min sti». Det hjelper oss altså til å finne den rette veien i livet. Akkurat som de gule pilene hjelper oss til å finne veien til Santiago.

Jeg gikk sammen med min yngste sønn på 20 år. I utgangspunktet en dårlig match, kanskje, han gikk mye raskere enn meg og måtte vente en del. Men jeg gikk meg opp,



*Egil, kona og sønnen da de møttes i Leon.*

og etter hvert ble tidsforskjellene mellom oss mindre. Men det er fint å få gå så pass lenge sammen med sine egne. Det er med på å skape ny samhörighet og gir tid til å komme hverandre nærmere. De siste ukene gikk jeg sammen med kona mi.

Burgos var den første virkelig store byen vi kom til. Den har en katedral som kan ta pusten fra de fleste. Katedralene er jo bygd for å uttrykke noe av Guds storhet og velde, og en må bare gi seg over når en tenker på at de ble bygd i tider med langt færre forutsetninger til å gjøre slike byggverk. Likevel ble de bygd. De står der som vitnesbyrd om den Gud de som bygde trodde på.

Veien gikk videre, over Mesetaen, ei høyslette som er lang og flat, med stor horisont og til tider lite skygge. Mange vandrerer klager over den. Vi hadde derfor trodd det skulle være verre å gå den.

Vi begynte å nærme oss den neste store byen, Leon, også den med en imponerende katedral. Da den ble bygd, bodde det rundt 5000 mennesker i byen. Alt inne i kirken talte om Gud og hans gjerning blant og for oss mennesker.

Leon var også stedet der min sønn skulle avslutte og min kone skulle ankomme. Slik ble det, og de neste 13 dagene gikk jeg sammen med henne. Å gå sammen med kona si er en fin måte å bruke tid sammen. Vi passerte blant annet den store Tempelridderborgen i Ponferrada fra 1200-tallet som også hadde en støttefunksjon overfor pilegrimer.

### Og utbyttet av en slik vandring?

Det vil variere etter hvem du spør. For meg gir pilegrimsvandring utbytte på mange områder, ikke minst i forholdet til Gud og til troen på ham. Men fysisk er utbyttet stort og en kjenner seg vel etter 4 uker og over 400 km i beina. Sosialt er det også ganske utbytterikt, ikke bare i forhold til den eller de du vandrer sammen med, men også i forhold til alle de du treffer på og knytter kontakter med. En blir bitt av vandrebasillen. De fleste vil ut å gå igjen.

*Egil Reindal*



Bildet øverst: *Inne i katedralen i Leon.*

Bildet over: *San Martinkirken i Fromista, en av de best bevarte romanske kirkene i området. Dateres til 1070-tallet.*



Bildet t.v.: *Typisk landskap med vinmarker på første del av vandringen.*

## *Ragnhild Jepsen blir vigsla som biskop 16. april:*

# Gler seg til å juble for påska

**Ragnhild Jepsen blir vigsla som ny biskop i Bjørgvin første søndag etter påske, 16. april. Ho er framleis domprost i Nidaros domprosti, men me fekk ein liten samtale med biskopen som alt er utnemnd, men enno ikkje har kledd seg i bispekåpa.**

Ragnhild Jepsen har vore til stades i fleire bispevigslar tidlegare. Ho trur ein slik dag kan vera god å ha i ryggen seinare. — Det er mykje fest og fokus på ein person, og det er fint å ha med velsigninga, bønene og fellesskapet når kvardagen kjem med ulike krevjande situasjonar. Det er noko stort i det å bli sett og kjenne på kyrkja sitt tydelege ja til meg som biskop, eg ser verkeleg fram til den dagen. Eg er også veldig glad i å feire gudsteneste, og det blir flott å syngja påskesalmar denne første søndagen etter påske, seier ho.

### – Er påska relevant i vår tid?

– Når me jublar påskegleda ut på første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som også skal bli nyskapt. Det som hende i påska med Jesu død og oppstode er det endelege beviset på at Gud har frelst sin skapning og har tru på mennesket og alt Han har skapt, seier den komande biskopen.

### – Kva ser du fram til ved å bli biskop?

– Eg ser fram til på bli kjent i bispedømet og med menneska her, med kyrkjelydane, både tilsette og frivillige medarbeidarar. Eg ønskjer også å vera ei tydeleg stemme i kyrkja og på vegner av kyrkja, seier den komande biskopen. Ho er ikkje klar til å lansera noko særleg satsingsområde for sin eigen del. – Eg vil først av alt lytta meg inn til kyrkja og livet i Bjørgvin.

Den nye biskopen kjem frå Ål i Hallingdal. Ho har røter i Vestland, men har ikkje budd her før. – Eg gler meg til å flytte til Bjørgvin og ser fram til å bli kjent i byen og fylket. Det blir mykje nytt, ikkje minst det å etablera seg med eit nettverk, også på fritida, det er eit arbeid i seg sjølv, seier Ragnhild som med seg til bispebustaden på Landås har med seg ektemannen Einar Vegge. Han er pilegrimsprest i Nidaros, og har reist langs delar av kystpilegrimsleia i bispedømet vårt. Dette ser også Ragnhild fram til å få høve til. Dei har to vaksne born, Håkon og Ingjerd.



*Ragnhild Jepsen framfor Bergen domkirke der ho blir vigsla til biskop i Bjørgvin 16. april. Foto: Jens Z. Meyer*

### – Du syng i kor i Nidarosdomen, trur du at du får tid til å synga i kor i Bergen?

– Det skal vel godt gjerast. Eg har sunge i kor sidan eg var tre år, og viss det byr seg eit høve, seier eg ja, kanskje til eit prosjektkor?

Ragnhild Jepsen har vore prest i 25 år, først som kapellan i Åmot i Østerdalen, sidan som kapellan og sokneprest og frå 2011 domprost i Nidaros domprosti. – Dette har gjeve meg mange erfaringar og møte med menneske i sorg og glede som eg tek med meg. Eg har som prost også vore mykje med i rådsarbeid, bl.a. fellesrådet i Trondheim. Eg er oppteken av at både organisatoriske strukturar og alt det praktiske med bygningar og liknande gjev gode rammer for at kyrkjelyden kan driva sitt kyrkjelydsbyggjande arbeid, seier den nye biskopen. Dei som har møtt henne, skjønar at ho er glad i å vera saman med folk og ho fortel at ho, på same måte som

andre i staben, ofte har vore vertskap for besøkande til Nidarosdomen, anten det er store eller små grupper.

### – Kva har kyrkja å «tilby» til folk flest?

– Gode fellesskap der du kan koma uansett alder, funksjon eller prestasjon. Me skal også vera ein fortolkar av tida vår. Dersom me til dømes opplever barnefattigdom, korleis kan me då vera kyrkje på ein truverdig og evangelisk måte? Dette må skje lokalt, men det er viktig å ha støtte frå bispedømet.

Eg synest det er viktig at kyrkja, som ein del av lokalsamfunnet, spelar saman med lokale organisasjonar, skular og grupper. Eg vil også oppmuntra om å byggja kristne fellesskap der me samlast om det som er umisseleg for oss.

# Utdeling av 4-årsboka og speidarane

Søndag 19. februar var alle 4-åringar inviterte til å få ei eiga 4-årsbok. Også dei som ikkje hadde fått 4-årsboka i fjor, var inviterte.

Kjære fireåringar, som kom og tok imot ei eiga 4-årsbok med forteljingar om Jesus, fine teikningar, songar og bøn. Takk for at du kom. Eg håpar du liker boka og at du får nytte boka di saman med familien.

Kunne du ikkje kome til gudstenesta, kan du ringe Katrin Fischer og avtale når du kan hente boka i Sund eller Kausland kyrkje.

*Katrin Fischer*

## Speidarane

10 unge speidarar frå Glesnes speidargruppe med 2 vaksne og leiaren Hildegunn Sørheim besøkte familiegudstenesta i Kausland kyrkje den 19. februar. Norges speiderforbund har blant anna som mål å bidra til at speidarane utfordrar og formar sitt livssyn, blir kjent med forskjellige trussamfunn, og får erfaring med deira tradisjoner og seremoniar. På søndag blei speidarane ikkje berre aktive i gudstenesta, der dei gjekk i prosesjon og song med fullt engasjement. Også ved kyrkjekaffien



gjorde ungane all ære på speidarane. Ei dame fortalte seinare: «Eg blei heilt overraska og imponert når speidarane hjalp å rydde og to jenter ba høflig om dei kunne bere ut for oss.»

*Katrin Fischer*

*Katrin Fischer deler ut 4-årsboka. Foto: Fredrik Mortensen*

*Under: Besøk av Glesnes-speidarane i Kausland kyrkje. Foto: Fredrik Mortensen*



# Konfirmantleir

## Finst det noko betre for konfirmantane enn å dra på leir? Truleg ikkje!

I januar var tida inne for konfirmantane frå Sund sokn. Vi reiste, som mange andre konfirmantar før, til Fjell-ly. Tema for leiren var Bøn og Kristuskransen.

Vi starta fredag, seint på kvelden med ei bønnevandring til låven ved Skogtun campingplass. Vegen var isglatt, og vi måtte passe på for å halde oss på føtene. I lavvoen serverte vi varm sjokolade med kremfløyte frå ei sprayflaske. Sjølv om det tok lang tid til alle hadde fått sjokoladen sin, nokre med ekstra stort fjell av kremfløyte på toppen, blei tida i låven begynnelsen av ei fantastisk helg; ei helg med mykje song, morosam prat, all slags kreativitet, leik, trening og forkorta nattesøvn. Takka vere fleire foreldre som stilte opp som nattevakt, fekk heldigvis medarbeidarane nok nattesøvn.

Både medarbeidarane og konfirmantane fulgte eit tett program. Alle blei utfordra med fysisk aktivitet. Under regi av Jennie og Mathilde starta nokon modige og spreke dagen allereie kl 07.30 med trening i gymsalen. Andre heldt seg til den obligatoriske timen i gymsalen, som stod på timeplanen, og bowla på laurdag kveld.

Konfirmantane kunne elles utfalde seg med kreativitet, song og læring. Kvar konfirmant laga 2-3 ønske- og bønekor til konfirmantar i eigen gruppe og til konfirmantar som startar i september i år.

Læringa skjedde i gruppeundervisning der bøn og kristuskransen var hovudtema. Kvar gruppe fekk 2-3 perler frå kristuskransen, lærte om dens betydning, diskuterte og skreiv ei bøn til kvar perle. For å huske alle perlene og for å bruke dei fekk alle lage eit armband med kristuskransperler.

Mest av alt brukte vi tida til å synge salmar og songar, som vi hadde valt til perlene. Laila leia konfirmantane med songstemma si og Irina rettleia alle med pianoet, transponerte, ordna tekst og notar. Gruppene blei raskt fortruleg med opplegget og song med full stemme.

Resultatet blei ein Kristuskransmusikal. I musikalen beskrev konfirmantane kvar perle, bad og song til kvar perle, og kyrkjelyden song aktivt med.

Sund sokn må vere stolt over å ha så flotte unge menneske; konfirmantar som har jobba målretta i mange timar, som klarer å synge med full stemme foran heile kyrkjelyden, som viser seg fram, følgjer i ein heil time eit eige utvikla opplegg og som lesar egne bøner.

Gratulasjon til konfirmantane!

*Katrin Fischer*

# Aktivitetskalender

| Kva skjer?   | Kven?   | Når og kvar?   |
|--|---|--|
| Påskevandring rundt kyrkjene   | Alle som ønskjer å bønnevandre i eigen regi   | Frå 1. april. Rundt Kausland og Sund kyrkje. Start og avslutning ved inngangen til kyrkja  |
| Konfirmasjon   | Konfirmantar i Sund kyrkje  | Sund kyrkje søndag 7. mai kl. 11.00 og 13.00   |
| Konfirmasjon   | Konfirmantar i Kausland kyrkje  | Kausland kyrkje. Laurdag 13. mai kl. 11.00 og 13.00<br>Søndag 14. mai kl. 11.00  |
| Påmelding til konfirmantundervisning 2023-2024   | Alle som er fødte i 2009 kan melde seg opp til undervisning og konfirmasjon i mai 2024                | Påmeldinga blir opna 20. mai på nettsida <a href="http://kyrkja.no/oygarden">kyrkja.no/oygarden</a>  |
| <b>Babysong</b>  |   |  |
| På babysongen i kyrkja er det kjekt å vera saman, born og vaksne. Der syng me kristne barnesongar og bøner og litt andre songar som nokre av dykk kjenner frå før frå helsestasjonen. Me avsluttar samlingsstunda med medbrakt lunsj. Kyrkja står for kaffi, te og saft. | Foreldre med små born, etter påmelding.<br><br>Påmelding og spørsmål: Katrin Fischer, tlf. 403 04 255 | Sund kyrkje 8. mars<br>Kausland kyrkje 24. mars (Obs. Det er ein fredag)<br><br>Nye datoar blir det informert om på kyrkja si nettside: <a href="http://kyrkja.no/oygarden">kyrkja.no/oygarden</a> |
| <b>Boost ungdomsklubb</b>  |   | Boost er sett på pause. Mogleg ny oppstart blir kunngjort i gudstenestene og på kyrkja si nettside   |
| <b>Myldredag</b>   |   |  |
| Middag, bibelfortelling, aktivitetar og fellesskap   | For heile familien - besteforeldre også!<br><br>Ta med familien og kom, eller kom åleine              | Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje 7. mars, 11. april og 2. mai<br><br>Kyrkjelydshuset på Kausland 15. mars, 19. april og 2. mai<br><br>2. mai er fellesavslutning for myldredagane i Sund kyrkje       |
| <b>Betweeneklubb</b>   |   |  |
| Vi leikar, har ulike aktivitetar, lærer frå bibelen, ét kvelds saman.  | Frå 4. klasse og oppover! Du og venene dine er velkomne til å bli med!                                | Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje kl. 17.30 - 19.30<br>21. mars, 25. april og 23. mai  |
| <b>Stjerneket</b>  |   |  |
|  | For deg som er mellom 4 og 9 år   | Øver i Sund kyrkje annankvar tysdag kl. 17.30 - 18.30. 14. og 28. mars, 18. april, 9. og 30. mai   |
| <b>Betweeneskoret</b>  |   |  |
|  | For deg som går i 4. klasse og oppover  | Øver i Sund kyrkje annankvar tysdag kl. 18.30 - 19.30. 14. og 28. mars, 18. april, 9. og 30. mai   |





Eit nytt tilbod har kome i gong i Sund, nemleg Babysong. Her frå ei samling i Kausland kyrkje 22. februar.

## Det nye tilbodet i Sund: Babysong

Eit nytt tilbod er no komen på plass i Sund sokn, nemleg Babysong. På ei av dei første samlingane, i Kausland kyrkje, var det sju babyar med mor eller far til stades. Minst ein baby kom litt seinare, for som Katrin

Fischer, kyrkjelydspedagogen sa: Med små babyar er det ikkje alltid like enkelt å kome presis. Katrin er leiar for gruppa saman med Irina på piano. Dei starta med ein song der namna til babyane vart nemn-

de, og seinare vart andre songar sunge der ein også måtte lee seg ein del. Etter ei økt på ein times tid skulle det vere avslutning med litt mat og drikke.

*Olai Otterå*

### *Kva brenn du for?*

Har du lyst å bidra med noko i kyrkjelyden vår?

Vil du delta i noko, men veit ikkje korleis?

Vil du vere med på noko som ikkje finst enno?

Ønskjer du å vere saman med andre?

Om du er liten eller stor, ung eller eldre, ...

***Du er velkomen som du er  
i kyrkja vår***



Har du ein idé, har du eit forslag, vil du vite meir, eller vil du bli aktiv, ta kontakt med:

Diakon **Hildegunn**: 45516360

Kyrkjemusikar og barne- og ungdomsarbeidar

**Irina**: 47450606

Kyrkjelydspedagog **Katrin**: 40304255

Frå 4. klasse  
og oppover!

Vil du bli med på klubb?

## Between- klubb

Vi leikar, har ulike aktivitetar, lærer frå Bibelen, et kvelds saman. Du og venene dine er velkommen til å bli med!

**Vi møtest:**

21. mars, 25. april,

23. mai

**Kontaktpersonar:**

Hildegunn B. Myklebust - 455 16 360  
Irina Tarasova - 474 50 606

I Kyrkjekjellaren,  
Sund kyrkje  
frå kl. 17.30 til 19.30.

## NYTT FRÅ KYRKJEKONTORET

## Nye festeavgifter i Øygarden kommune

Det er nye festeavgifter for gravplassane i Øygarden gjeldande frå 1.1.2023. Kommunestyret i Øygarden gjorde vedtak om avgifter i møte 15. desember 2022.

Alle busette i kommunen har rett på fri grav i ein periode på 20 år frå gravleggingsdatoen.

Dersom ein tek ut ei grav ved sida av (festar ei grav/dobbelgrav) må ein betale festeavgift for den grava frå første dag.

Det er ikkje mogeleg å slette ei grav i ein dobbel gravstad.

Busette utanfor Øygarden kommune må betale festeavgift frå første dag om dei vert gravlagt i Øygarden. Slik gravlegging skjer etter grunnngiven søknad til kyrkjeleg fellesråd.

Dette er festeavgiftene i Øygarden for personar med bustadadresse i kommunen:

| Avgift for feste/leige av grav etter fredningstida for 1 år | Pris kr. |
|---|----------|
| Festeavgift urnegrav/barnegrav                              | 440,-    |
| Festeavgift kistegrav                                       | 630,-    |
| Festeavgift for urnegrav i namna minnelund                  | 170,-    |
| <b>Avgift for leige/festegravstad</b>                       |          |
| Festeavgift 20 år Kistefestegravstad (dobbelgrav)           | 12 300,- |
| <b>Festeavgifter etter friperioden</b>                      |          |
| Avgift for urnegrav 5 år                                    | 2 200,-  |
| Avgift for enkel kistegrav 5 år                             | 3 150,-  |
| Avgift for dobbel kistegrav 5 år <sup>1</sup>               | 3 150,-  |
| Avgift for anonym urnegrav 5 år                             | 500,-    |
| Avgift for urnegrav i namna minnelund 5 år                  | 850,-    |
| Avgift for barnegrav 5 år                                   | 2 200,-  |
| Festeavgift graver over 60 år 1 år                          | 1 025,-  |

<sup>1</sup>Vert rekna som ein gravstad

Festeavgifter vert fakturert kvart 5. år.

Sjå også vår nettside: [www.kyrkja.no/oygarden/gravferd](http://www.kyrkja.no/oygarden/gravferd) for meir detaljert informasjon.

Annlaug Børve  
Kyrkjeverje

## Kjeldesortering på gravplassane

Frå 1.1.2023 er det nye reglar for kjeldesortering, plast skal sorterast ut.



Det blir plassert ut eigne spann for plast der ein kaste plast som ikkje er skitten. Før ein kastar blomsterpottar, må dei vaskast.



Foto: Vigeik Brekke

### Julehelsing til kommunestyre

På budsjettmøte til Øygarden kommune er det blitt ein tradisjon at Maria Tveten som er sokneprest i Foldnes kyrkje kjem med ei julehelsing til kommunestyret. Kyrkja har lang tradisjon med å vera ein viktig kulturberar blant folket som bur her ute ved havet.

I 2023 er det bevilga i overkant av 32 mill. kroner til drift av alle kyrkjene og anna ulikt arbeid kyrkja driv i kommunen. I tillegg vart det løyvd 1,4 mill. kroner til varmestyringsanlegg og varmepumper, og 17 mill. kroner til rehabilitering av ærverdige Fjell kyrkje. Til saman har Øygarden kommune løyvd 39 mill. kroner til denne rehabiliteringa.

## Kyrkjevalet

2023



# vil du ha eit godt råd?

Still til  
sokne-  
rådsval.

## Det er mange grunnar til å stille til val til soknerådet. Her er ti av dei.

Som representant i soknerådet vil du få høve til å:

- bruke talenta dine
- få nye relasjonar i nærmiljøet
- jobbe saman med andre – for andre
- vere med på å formidle kristen tru
- dele og diskutere dine standpunkt med andre
- sørge for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
- legge til rette for at kyrkja vert ein viktig kulturarena
- bidra til at kyrkja er open for alle
- gjere lokalmiljøet ditt betre
- bli betre kjent med deg sjølv

Dersom du ønskjer å stille til val, ta kontakt med nominasjonsnemda innan 15. mars:

Harold Trellevik, harold@trellevik.net

## Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leier verksemda til forsamlinga der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di. Arbeidet til kyrkjelyden spenner over mange tema – m.a. miljø og rettferd, guds-teneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, og dessutan jus og økonomiforvaltning.

Her er nokre døme på soknerådets ansvarsområde:

- Trusopplæring blant døypte mellom 0 og 18 år
- Diakonalt arbeid (omsorgstenesta til kyrkja)
- Kyrkjemusikk
- Langsiktig planlegging av arbeidet til kyrkjelyden
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Samarbeid med frivillige

Soknerådet har 4–10 medlemmar. Medlemmane har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er òg aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.

Soknerådet møtest 2–5 gonger i halvåret. Medlemmane vert valde for fire år.

**Kyrkjevalet finn stad (10.) 11. september 2023, med digital og fysisk førehandsstemming frå 10. august. Val av leke medlemmer av bispedømeråd og Kyrkjemøtet finn stad samtidig med soknerådsvalet.**

## Kunngjering om krav til listeforslag ved val til sokneråd

På vegne av valstyret i Sund sokn, kunngjer kyrkjevevja krav til listeforslag ved val til sokneråd. Krava er heimla i reglane for kyrkjeval § 7-1.

Listeforslag blir lagt ut til etter-syn etter kvart som dei kjem inn. Godkjente vallister vert kunngjort på nettsida

**Les meir på  
[kyrkja.no/oygarden/kyrkjevalet](http://kyrkja.no/oygarden/kyrkjevalet)**

*Kyrkjevevja i Øygarden*

## Den samlande kyrkja

I kyrkjerommet møter me livet på godt og vondt. Her gler me oss med foreldre og føresette som kjem med borna sine til Guds hus for å døypa dei i den heilage dåpen. Her samlar me oss og ber for unge konfirmantar på terskelen til å verta vaksne, me gler oss med to som seier ja til kvarandre når ekteskap vert inngått eller me sørgjer når me er samla rundt ei bære når ein av våre kjære er død.

Fastetida er ei tid for å ransaka seg sjølv. Og om me tek den aktuelle situasjonen i Europa som spegel: Korleis ville eg ha vorte teke imot om det no var eg som måtte flykta frå bomber og krig og mord, for å nytta orda frå julesongen til Eyvind Skeie? Kor mange skulle eg dei kun-

ne ha teke i mot i mitt land, i mitt fylke, i min kommune? Kva kan eg gjera for å skapa fred i vår verd? Møter eg medmenneska mine slik Jesus møtte menneska? Kva var det han sa? Det du ikkje gjorde mot ein av mine minste, det gjorde du ikkje meg. Det du gjorde mot ein av mine minste, det gjorde du mot meg.

Kven er så min neste, kan du spørja. Det er ein kunst å møta eit medmenneske slik ein sjølv ynskjer å verta møtt, med respekt og age. Det er ein kunst å leva slik at andre vågar å møta deg med respekt og age. Det går an å kneppa så godt att eller slå slær for alle vindaug på ein

slik måte at ingen ser at det verkeleg bur nokon der. Men det let seg gjera å banka høfleg på, utanfrå. Og det går an å opna ei og ei slå, innanfrå.

Jesus Kristus var ikkje ein lokal helt for Nasaret med

### Andakten

tilliggjande herlegdomar, han var kongen for alle folk i alle land i heile vår verd. For det var ikkje nok å ha Abraham og Isak og Jakob som stamfedrar, dei rette truande er dei som trur på han som konge og Frelsar, i heile verda, dei som lit på at det han i si tid gjorde på krossen på Golgata, då han sona all synd i heile verda, det gjeld for alle menneske til alle tider alle stader. Portane er opne, her er berre å koma, utan pengar kan du få kjøpa korn, vin og mjølk – og eta og drikk deg mett og utørst. Frå aust og frå vest, frå nord og sør er det fritt leide.

seier: «Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin Ande, gjort deg til sitt barn og teke deg inn i sin truande kyrkje-lyd. Han styrke deg med sin nåde – til det evige liv.» Er du døypt, vart det i si tid sagt til deg og.

Og det er evangeliet: Me kan koma til han, til Gud! No. Me kan venda oss om og tru evangeliet. For enno er det frelse å få. I trua på han kan me kjempa mot synda i tilværet, den synda som skapar krig og ufred, fordi han vann over synda då han braut makta til døden den første dagen i veka.

Dette feirer kvar søndag. Og kyrkjerommet er ein flott stad å feira dette. Der kan me koma med det manglande motet, med redsla for framtida, med det me lukkast med og med alle tapa våre, i fellesskapet, i den samlande kyrkja.

Lars Arne Vik

Me ser det så vakkert når me døyper borna våre. Presten

Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40  
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97



**SOLSTRANDS  
BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume  
**Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet**  
www.solstrands.no  
Vår erfaring - din trygghet VIRKE  
GRAVFERD



**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

**Ditt begravelsesbyrå på Sotra.**

**Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Grønmyrvegen 22, 5353 Straume  
(Bjørøygården)



*Bergen Omegn*  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

  
Knut Helge Polden

  
Espen Polden

  
Heine Polden

  
Cathrine Polden Misje

**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**  
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



## Myldredagar

Myldredagar for heile familien - besteforeldre også!

**Middag – Bibelforteljing – Aktivitet – Fellesskap**

### Myldredagar i Klokkarvik

7. mars  
11. april  
2. mai - felles avslutning for  
myldredagane

#### Kontaktpersonar:

Hildegunn B. Myklebust,  
455 16 360  
Irina Tarasova, 474 50 606

### Myldredagar i Kausland

15. mars  
19. april  
2. mai - felles avslutning for  
myldredagane

#### Kontaktperson:

Hildegunn B. Myklebust,  
455 16 360

## Føremiddags- treffa

Føremiddagstreffa held fram den siste onsdagen i månaden. Som vanleg vekslar treffa mellom **Kyrkjekjellaren i Klokkarvik** og **Kyrkjelyds-  
huset på Kausland**, og dei tek kvar gong til kl. 11.30. Til kvart treff blir det med ein gjest som snakkar om eit emne. Men før vedkomande slepp til vert det ein felles lunsj.

Følg elles med på kunngjeringsar og i VestNytt, eller på kyrkja i Øygarden si heimeside under «Skjer i kyrkja».

### 29.03 - Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Alvhild Vassel Eide  
Tema: Elieser (misjonsskipet til NMS) - draum vert realitet

### 26.04 - Kyrkjelyds- huset kl. 11.30

Gjest: Lars Arne Vik  
Tema: Ikkje avklåra

### 31.05 - Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Sverre Bungum  
Tema: Prost Greve

Alle er velkomne!

# DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 90 13



Tlf. 56 32 50 45



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: BLOMSTER - DAGLEGVARER - JERN- OG FARGEHANDEL  
FRISØR - APOTEK - KAFETERIA - MINIBANK  
SOLSTUDIO

## Sund Sokneblad

Denne våren kjem det ut to nummer av Sund Sokneblad i staden for tre. Neste blad kjem i byrjinga av juni.



## Vårmarknad

i kyrkjelyds-  
huset på Kausland  
**Laurdag 22. april kl 1400**

Det vert som vanleg litt program før kaféen og salsborda opnar. Vi avsluttar med utlodding. Gevinstar tar vi imot med takk.

Dei kan leverast til:  
Anne Berit Glesnes, tlf 977 16 304  
eller  
Bente Aase, tlf 481 20 118



Vil du bli med i kor?  
Vi har to kor som øver i Sund kyrkje annankvar tysdag!

**Stjernekoeret**  
er for deg som er 4-9 år.  
Vi møtest frå klokka 17.30-18.30

**Betweenekoeret**  
er for deg som går i 4. klasse og oppover.  
Vi øver frå 18.30-19.30.

**Begge kora øver:**  
14. og 28. mars  
18. april  
9. og 30. mai

*Kora opptre på gudstenesta i Sund kyrkje 26. mars kl. 11!  
Møt opp ein halv time før.*

**Kontaktpersonar:**  
Irina Tarasova, 474 50 606  
Hanne Katrine Boga, 922 37 453

## Aksjon Godheit

– Fordi vi trur at «Små ting gjort  
i kjærleik kan forandre verda»



Godheitsaksjonen 2023 vert arrangert av kyrkjelydane Saron, Metodistane, Fjell, Foldnes, Landro og Sund tysdag 23., onsdag 24. og torsdag 25. mai - kvar dag kl. 17.00-20.00.

**Vi tilbyr gratis assistanse med oppgåver som til dømes:**

- husmaling og husvask utandørs (maks 3-4 m over bakkehøg)gd)
- plenklipping / hekkklipping / hagerydding
- baking + utdeling av bolleposar
- bilvask på P-plassen ved Fjell kyrkje
- andre liknande oppgåver

Vi prioriterer hjelp til eldre / einslege forsørgjarar / innvandrarar, men også andre kan melde inn ønskje ved å ringje kyrkjekontoret i Øygarden på tlf. 400 03 316 eller sende e-post til [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no). Viss du har lyst til å delta som medhjelpar, kan du melde deg på same stad.



Via **INTERFLORA**  
formidlar vi blomstrar  
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt  
i binderi til fødsel, dåp,  
konfirmasjon, bryllaup,  
gebursdagar og gravferder -  
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader  
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

**Tlf.: 56 33 90 13**

Faks: 56 33 93 01

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40



**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**

## GRAVMONUMENTER

Egil Fosse  
Goltavegen 279  
5381 Glesvær  
Mob.: 906 69 191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



**KJØL STENINDUSTRI AS**

6490 EIDE

**Døypte****04.12 Kausland kyrkje**

Amalie Iversen

**26.12 Kausland kyrkje**

Lilly Sangolt

**22.01 Kausland kyrkje**

Ellie Skagen Heimdal

**Gravlagde****25.11 Kausland kyrkje**

Konrad Spilde, f. 1930 (bisetjing)

**13.12 Sund kyrkje**

Odd Sigmund Olsen, f. 1940

(bisetjing)

**16.12 Kausland kyrkje**

Oddvar Steinsland, f. 1939

(bisetjing)

**06.01 Sund kyrkje**

Einar Asmund Sangolt, f. 1950

(bisetjing)

**10.01 Sund kyrkje**

Brita Cecilie Nesse, f. 1923

(bisetjing)

**20.01 Kausland kyrkje**

Odd Magne Toft, f. 1937

**24.01 Kausland kyrkje**

Oddvar Ernst Øvretveit, f. 1953

Astrid Gaasemyr, f. 1951 (bisetjing)

**03.02 Sund kyrkje**

Herbert Krondorfer, f. 1947

**HJARTELEG TAKK**for all omtanke, helsingar, blomster og deltaking ved vår kjære **Astrid Gaasemyr** sin bortgang.**Familien****PRESTETENESTA I SUND**Kontakt med prest måndag – fredag kl 09.30 – 14.30: **400 03 316****Samtale og sjelesorg**

Soknepresten er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

**Ynskje om dåp**

Kyrjekontoret får ikkje lenger tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

**DEN NORSKE KYRKJA****Sund sokn**

Telefon sentralbord: ..... 400 03 316

**Post- og besøksadresse:**Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 StraumeDet er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkje-  
kontoret i Sund.**Ekspedisjonstid:**

Måndag - fredag ..... kl. 09.30 - 14.30

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no**Nettside:** www.kyrkja.no/oygarden

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

**Soknepresten**

Lars Arne Vik ..... 477 56 440

sokneprest

E-post: lv767@kyrkja.no

**Soknerådet**

Bente Aase .....

soknerådsleiar

E-post: bente.aase@hotmail.com

**Givarteneste**

Sund kyrkjelyd

**Barne- og familiarbeidet  
Kyrkjelydsarbeidet**

Kontonr.: 3628.50.65156

Merk kva formål gáva er til.



DEN NORSKE KYRKJA

**Sund  
Sokneblad**

Utgjevar: Sund Sokneråd

**Adresse:** Tytebærbrekko 2,  
5353 Straume**Konto:** 1503.84.37590**Kontingent:** 250 kr pr. år**Redigering:** Olai Otterå**Redaksjon:**

Olai Otterå ..... 928 93 057


**E-post:**

sund.sokneblad@outlook.com

**Trykk:**

RK Grafisk

**Opplag:** 2.900



Returadresse:  
Sund Sokneblad,  
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

## Fasta begynte som dåpsførebuing



*Erling Kopperud snakka om fasta og bakgrunnen for den på føremiddagstreffet i Kausland kyrkjelydshus siste onsdagen i februar.*

Erling Kopperud var gjest på føremiddagstreffet i Kausland kyrkjelydshus siste onsdagen i februar. Han hadde valt fasta som tema for innlegget sitt. Føremiddagstreffet, som alltid er på ein onsdag, var denne gongen nøyaktig på starten av fasta, nemleg på Oskeonsdagen, som er 40 dagar før påskeveka.

Kopperud starta med å forklara korleis fasta eigentleg starta. Då må vi heilt tilbake til dei første kristne, som nytta heile 8 veker før påske til førebuing til

dåp. For den gongen var det vanleg å berre bli døypt i påska. Kyrkjelyden var heilag, difor var det stor førebuing for dei som skulle inn i kyrkjelyden. Også dei som hadde falle frå, t.d. under forfølging, måtte førebu seg på nytt. Det var nemleg mange som fall frå under forfølgingane på 250-talet. Etter kvart vart det vanleg at dei vart tekne opp att i kyrkjelyden på Skjærtorsdag.

Vaksendåp var det vanlege på påskena, som var det vanlege tidspunktet for dåp. Neddykking var òg det vanlege den gongen.

Men mange venta heilt til dødsdagen før dei vart døypte. Då slapp dei unna dei mange strenge krava til bot medan dei levde, men kunne likevel vera reinsa når dei døydde. Dette var m.a. tilfelle for ein av keisarane.

Etter kvart som kristendommen blei statsreligion vart det stor forandring med dåpen. Barnedåp blei etter kvart vanleg, og dåpen kunne føregå på ulike tider. Dåp innan 8 dagar blei vanleg, også heimedåp med stadfesting i kyrkja.

Faste var nemnt på 200-talet. Meir faste var det snakk om på 300-talet, og det var førebuingstida til dåpen som etter kvart vart fastetida med start på første onsdagen etter fastelavn.

Etter innlegget til Kopperud var det mange på føremiddagstreffet som hadde kommentarar, kanskje mest når det galdt eiga røynsle i høve til dåp.

Neste føremiddagstreff blir i Kyrkjekjellaren 29. mars kl. 11.30. Då er det Alvild Vassel Eide som skal snakke om betelskipet Elieser.

*Olai Otterå*

## Frå konfirmantleiren



*To grupper som lager kort til kvarandre og til neste gruppe konfirmantar. Foto: Katrin Fischer*

## Open kyrkje

På Langfredag, den 7. april, blir det **open kyrkje** i Sund kyrkje i tida 17.00 - 19.00. Velkomen inn!



Siste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 7. juni

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 24. mai